

# Referat fra Regionstyremøte

Fredag 29. mai kl. 09.00 – kl. 12.10, digitalt på Teams

---

**Møtte:** Linda Mæhlum Robøle, Vidar Eltun, Marit Hougsrud, Knut Arne Fjelltun, Odd Erik Holden, Haldor Ødegård frå kl. 09.10, Erik Ringnes, Stein Tronsmoen, Jostein Aanestad, Lene Hovi (adm. repr.) og Jørand Ødegård Lunde (adm. repr.)

Møtet er halde digitalt i medhald av: Midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i kommuner og fylkeskommuner for å begrense spredning av covid-19

**Forfall:** Espen Køhn

## Konstituering av møtet:

- Linda Mæhlum Robøle leia møtet
- Sakliste og innkalling samrøystes godkjent. Med to saker under eventuelt
  1. Musikk i Innlandet
  2. Kronikk om fjellandbruket

**Referat:** Jørand Ødegård Lunde

**Alle vedtak var samrøystes**

## Orienteringar:

- 1) Nytt frå rådmannsutvalet v/Jostein Aanestad
  - a) Om innkjøp i kommunane, Ole Torgeir Dokkebakke Innkjøpskoordinator Valdreskommunene, sjå vedlegg.
  - b) Det er no til handsaming sak om rehabilitering av bygg ved Valdres Folkemuseum i dei seks kommunestyra. Det er felles saksinnstilling. Aanestad sa at om det blir ulike vedtak i kommunane, så er det kommunestyra sine vedtak som blir ståande, dvs. at det kan bli ulik oppfølging av søknaden frå dei seks kommunane.
  - c) Forliksråd, Rådmannsutvalet førebur ei sak på korleis ein kan gjere felles val til eit regionalt forliksråd.
  - d) Det er framleis samarbeid om samordning av koronahandteringa mellom rådmennene.
  - e) Revisjon, sak til kommunestyra om nedlegging av eksisterande Kommunerevisjonen IKS vert samordna av RU.
- 2) Nytt frå Innlandet fylkeskommune v/Stein Tronsmoen:
  - a) NTP, sak i fylkestinget i juni, fagetatane sitt svar på oppdrag 1 til 9
  - b) Skuleskysordninga, samordninga mellom Hedmark og Oppland er krevjande for fleire kommunar, det er ei overgangsordning.
  - c) Handlingsprogram for fylkesvegar, det arbeidast med dette.  
v/ Erik Ringnes
  - d) Den kulturelle skulesekken, arbeidet med denne ligg no i rådmannslinja. Opposisjonen gjekk for ei eiga organisering då dei ynskte armlengs avstand i kulturpolitikken. Vidar Eltun spurte om desentral sjukepleierutdanning og om kjeveortoped i Valdres. Desentral sjukepleierutdanning - Karrieresenteret opplyser at nytt kull blir teke opp i 2021. Stein Tronsmoen opplyste om eiga høgskuleutdanning som blir sett i gang på Tynset no, det har vore svært god søking dit. Kjeveortoped, Stein Tronsmoen sa at det arbeidast med ein felles strategi, det er for få kjeveortopedar/fagfolk.

- 3) Nytt frå regionen Valdres v/Linda Mæhlum Robøle
- 4) Senter for norsk fjellandbruk, status v/ Odd Erik Holden orienterte om saka, jf. RS sak 25-/-20 pkt 17. Han etterlyste svar frå Innlandet fylkeskommune om møte i saka. Det vert jobba med etablering av eit eigendomsselskap og eit ressurscenter for fjellandbruk.  
Nytt frå Fjellnettverket v/Odd Erik Holden: Ungdomskonferansen er utsett, det same er Fjellkonferansen. Nettverket har sendt innspel til Distriktsnæringsutvalget med tre hovudtema: Nytt verdiskapingsprogram, deltidsinnbyggjarar og breiband.
- 5) Nytt frå regionkontoret v/Jørand Ødegård Lunde
  - a) Næringslivsundersøkinga er no gjennomført på nytt [framleis er det utfordrande, men det er positive tendensar.](#)
  - b) Youth Rangers, det Europeiske arbeidet med ungdom heiter i Norge: Ung i park

## Drøftingssaker:

1. Regional planstrategi v/Wibeke Børresen Gropen INFK (ho deltok frå kl. 10.00), 2 presentasjonar var vedlagt innkallinga. Wibeke orienterte om arbeidet med strategien, visjon og strategiar. Ho tok opp låg folketalsutvikling, låg BNP, hyttebygging og utflytting. Ho stilte spørsmålet, korleis kan me jobbe for ein meir robust næringsstruktur? Vidare spurte ho, kan vi planlegge for utvikling utan vekst? Vidar Eltun tok opp viktige arbeidsplassar og næringar som ikkje er i dei prioriterte segmenta. Han framheva Ryfoss betong som viktig for utvikling av arbeidsplassar. Haldor Ødegård sa at det er viktig at næringslivet ikkje blir for einseitig. Erik Ringnes sa at det er viktig å ta utgangspunkt i faktiske moglegheiter og å vise retning. Han sa vidare at små skritt er òg utvikling. Marit Hougsrud var einig med Ringnes, faktiske moglegheiter og som ein ser mogeleg å gjennomføre. Ho sa vidare at det er mogeleg å planlegge med utvikling sjølv om veksten er låg.  
Regionstyret drøfta korleis vi skal handsame høyringa. Nokre av kommunane vil ha eiga sak, men at Regonstyret bør gje ei overordna høyring frå regionen.
2. Kommunikasjonsgruppa for E16 (KG), eige notat var lagt ved innkallinga. Notatet vart drøfta. Konklusjon: Dagleg leiar legg fram ei RS-sak med oppdatert mandat og der tre ordførarar deltek, men alle har møterett.
3. Vegforum E16, reetablering av samarbeidsarenaen Vegforum E16, sjå utsendte notat. Stein Tronsmoen orienterte om at INFK ikkje har kapasitet til å leie eit slikt forum, men vil bidra i arbeidet. Konklusjon: Ansvar for førebuing av møter i Vegforum E16 kan leggest til kommunikasjonsgruppa, dette blir ein del av saka i drøftingssak 2.
4. Utsetting av Valdresrådet? / Innspel til HP 2021. Valdresrådet vert utsett til medio august.
5. Regionstyremøtet i juni blir på Vaset med temaet Valdres friluftsråd og frisklivsarbeid
6. Praktbok for Valdres, sjå utsendte notat. Notatet vart diskutert og RS konkluderte med at VNK arbeidar vidare med forprosjektet i tråd med notatet.

## Saker handsama:

RS 24-/-20 Protokoll

RS 25-/-20 Referatsaker

RS 26-/-20 Høringssvar til Statens vegvesens svar på oppdrag 1 frå  
Samferdselsdepartementet (NTP 2022-2033)

RS 2-/-20 Eventuelt

1. Musikk i Innlandet
2. Kronikk om fjellandbruket

## RS 24-/-20 Protokoll

### Forslag til vedtak:

Regionstyret godkjenner protokoll av 27. april 2020.

### Vedtak:

Regionstyret godkjenner protokoll av 27. april 2020.

## RS 25-/-20 Referatsaker

### Vedtak:

Regionstyret tek referatsakene til orientering.

## RS 26-/-20 Hørings svar til statens vegvesens svar på oppdrag 1 frå Samferdselsdepartementet (NTP 2022-2033)

### Forslag til vedtak:

Regionstyret slutter seg til det framlagte utkast til høringsinnspill til Statens vegvesen sitt svar på oppdrag 1 i NTP prosessen.

### Vedtak:

Regionstyret slutter seg til det framlagte utkast til høringsinnspill til Statens vegvesen sitt svar på oppdrag 1 i NTP prosessen.

## RS 27-/-20 Eventuelt

1. **Musikk i Innlandet.** Fylkesrådmannen innstiller på Gjøvik som vertsstad for Musikk i Innlandet. Saka skal handsamast i fylkestinget, der er den endelege avgjerda.
2. **Kronikk om fjellandbruket.** **Konklusjon:** Ordførarane er positive til utkastet, ynskjer litt forsterka innhald på økonomi i landbruket